

DYREBRYDLAUP I SKOGEN

1. Bjødnen sat i bakkjen, mangt så mune han hugsa.
Ska eg yve dan breie fjord so vette ho vaot mi buksa.
Bjødnen visste seg ingjen råd uti skogjen.
2. Sete har eg den heile natt, med gråt og ille låt.
Hallvard lån meg skuta di, meg bere slett ingjen båt.
Eg e' beden i brydlaupsgard uti skogjen.
3. Hanen gav ein flattbrødleiv, henta han i eit stabbur,
spente sparka, gjorde seg té, og gol eit kukkelikurr.
Hanen var deira songmeister uti skogjen.
4. Skjore ho var skjenkjarsvein, i mykje mannatrong.
Ho kunn' ikkje se på golve snu, fø velet da va fø langt.
Skjore ho var kjedlarmann uti skogjen.
5. Opp sprang sporven lystig og gla', dansa han vilde me' merra.
Akta deg du stora grå merr at ikkje eg trø' deg forderva.
Eg e' beden i brydlaupsgard uti skogjen.